

Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -
**Ørskog interkommunale
landbrukskontor**

**Landbruks- og Matdepartementet
Postboks 8007, Dep**

0030 OSLO

Vår ref.
13/2457-v60/HEFA

Dykkar ref.

Dato:
11.03.2013

Uttale til høyring om endringar i odelslova. Ørskog kommune.

Det er gjort følgjande vedtak i saken:

Rådmannen legg saka fram med slik

INNSTILLING:

Uttale til § 31:

Kommunen støttar framlegget til LMD om oppheving av §31.

Uttale til § 8:

Vert lagt fram med to alternativ:

Alternativ 1: Kommunen støttar framlegget til endringar frå LMD.

Alternativ 2: Kommunen meiner det ikkje bør endrast i lovteksten til §8 i odelslova.

Behandling i Formannskapet den 07.03.2013

Det vart fyrst røysta over dei 2 alternative framlegga til § 8:

Alternativ 1: Ørskog kommune støttar framlegget til endringar frå LMD. Vart enstemmig vedteke.

FS-024/13 Vedtak:

Uttale til § 31:

Ørskog kommune støttar framlegget til LMD om oppheving av §31.

Uttale til § 8:

Ørskog kommune støttar framlegget til endringar frå LMD.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet (LMD) sendte i brev datert 25.01.2013 ut på høyring eit framlegg om endringar i odelslova. Kommunene er blant høyringsinstansane, men departementet har "glømt" å

sende høyringsnotatet til dei. I e-post 15.02.2013 viser LMD til at dei hadde sendt notatet til fylkeskommunene med oppmoding om vidaresending til kommunene. Samtidig gjer departementet det klart at dei likevel vil halde seg til den fastsette høyringsfristen. Fristen var i utgangspunktet kort, berre 6 veker, i det LMD viser til at framlegget til endring er i samsvar med det regjeringa har sagt i landbruksmeldinga - Meld. St. 9 (2011- 2012) og dermed allereie burde vere kjent. Vi har fått opplyst i telefonsamtale at LMD vil ta hensyn til innspel innsende i veke 11.

LMD kjem med framlegg om to endringer i Lov om odelsretten og åsetesretten (odelslova). Det eine framlegget gjeld § 8 - endring i odelskretsen, dvs. kven som har odelsrett. Kretsen blir foreslått innsnevra – i praksis vil det føre til at nevø og niese av odlaren fell utanfor og misser odelsretten. Det andre gjeld § 31. Det er framlegg om å oppheve denne som tek for seg odelsfrigjering ved overtaking av tilleggsjord til landbrukseigedom.

Vurdering:

Høyringsnotatet som er sendt ut er kort og godt strukturert. Rådmannen ser difor ikkje grunn til å presentere noko samanfatning av notatet, men viser til det som vedlegg. Rådmannen vil trekke fram desse momenta:

Endringsframlegg odelslova § 8.

Odelskretsen i § 8 slik den er no er nedover til barnebarn og i sideline til nevø og nieser. Framlegget vil i praksis føre til at nevø og niese fell ut av odelskretsen.

Odelslova har vore endra fleire gonger. Siste store gjennomgang av den skjedde av odelslovutvalet som presenterte resultatet i NOU 2003: 26 Om odels- og åsetesretten. Mellom dei forhold som utvalet vurderte var eventuell endring i odelskretsen. Utvalet innstilte på at den burde vere uendra. Eit mindretal gikk inn for endring.

Odelslova var i utgangspunktet ei "slektslov" som la opp til at jordeigedom skulle forbli i slekta og slekta var breidt definert. Odelskretsen er fleire gongar innsnevra. Med det framlegget som no ligg føre, vil lova bli meir i retning av ei "familielov".

I høyringsnotatet prøver departementet å underbygget behovet for endring, men det er vanskeleg å finne argument som er knytt til problem med odelskretsen slik den er i dag. Det er til dømes ikkje vist til om eller i kor stor grad nevøar og nieser nyttar odelsretten sin. Odelslovutvalet viser i si utgreiing generelt til at bruken av odelsrett har gått tilbake sidan 1970 talet.

Bu- og driveplikt skal sikre at den som eig landbrukseigedom bur på den og står for drifta. Dette er heimla i anna lovverk og vil gjelde enten garden er tatt på odel eller erverva i fritt salg.

LMD viser til behovet for å sleppe friske krefter til i landbruket og at mange har behov for tilleggsjord. Det er vanskeleg å sjå at framlegget om endring i § 8 fører til noko resultat i forhold til desse problema. Uavhengig av odel skjer mykje av omsetninga av landbrukseigedomar innan slekta. I tillegg til dette slektsbandet er det ikkje urimeleg å tru at den lave prisen på landbrukseigedom samanlikna med andre eigedomar er eit hinder for omsetninga.

Endringsframlegg odelslova § 31.

§ 31 tek for seg odelsfrigjering av eigedom som blir seld som tilleggsjord. Det er framlegg om å oppheve paragrafen. Grunngevinga er først og fremst den store ressursbruken i slike saker, samstundes som det er få saker av denne typen. Det er elles slik at andre mekanismer i odelslova i stor grad kan sikre dei tilhøva ein vil misse om § 31 blir oppheva.


Konklusjon.

Oppheving av § 31 slik det er framlegg om, er etter Rådmannen sitt syn lite kontroversiell.

Med omsyn til endringa av § 8 ser ein at det er argument både for og imot. Frå administrasjonen si side blir det difor lagt fram todelt innstilling: for eller imot framlegget frå LMD.

Med helsing

Helga Færøy
Landbrukssjef



Ørskog kommune

-Sunnmørsperla ved Storfjorden -

**Ørskog interkommunale
landbrukskontor**